

STRATEGI FOR BRUK AV TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL) VIK KOMMUNE 2020 – 2023

Vedteken 01.04.20



Innhold

1	Bakgrunn.....	1
2	Målet med SMIL-ordninga	4
3	Aktuelle tiltak.....	4
4	Prioritering av tiltak i Vik kommune.....	6
5	Satsar og tilskotsbehov	7
6	Søknad	8
7	Sakshandsaming.....	9

1 Bakgrunn

I tråd med St. meld. Nr 19 (2001 – 2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt*, blei forvaltning av spesielle miljøverkemiddel i jordbruket (SMIL) overført til kommunane. Rammene er fastsett i «Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket» med tilhøyrande rundskriv.

Kommunane skal i samarbeid med næringsorganisasjonane i landbruket utarbeide ein fleirårig tiltaksstrategi som grunnlag for tildeling av midlane. Strategien skal vurderast årleg og rullerast kvart 4. år.

Fylkesmannen fordeler kvart år midlar til kommunane som handsamar søknadane om SMIL-midlar. Den årlege økonomiske ramma er som regel for lita til at kommunen kan innfri alle søknader som oppfyller vilkåra i tilskotsordninga. For at aktuelle søkjarar skal kunne ha realistiske forventningar er det viktig at tiltaksstrategien inneheld tydelege kriterium og retningslinjer for prioritering av søknader.

Kommunen si prioritering skal så langt råd samordnast med Regionalt miljøprogram (RMP). Dessutan skal kommunar med ansvar for verdsarvområde eller utvalde kulturlandskap i jordbruket prioritere og stimulere til SMIL-tiltak i tråd med forvaltnings- og skjøtselsplanar for desse områda. Strategi for bruk av tilskot til spesielle miljøverkemiddel for Vik kommune, 2020 - 2023, blei vedteken av formannskapet i Vik den 01.04.2020, sak 034/20.

Verdiar knytt til kulturlandskapet

Fjell- og fjordlandskapet på Vestlandet med ein rik natur- og kulturarv er m. a. kjent som eit attraktivt reisemål. Sognefjorden er i denne samanhengen eit av høgdepunkta, med verdsarvområdet Nærøyfjorden og nasjonalparkane Jostedalsbreen og Jotunheimen som nokre av dei viktigaste attraksjonane. Vik kommune er ein aktiv og livskraftig jordbrukskommune med mjølkeproduksjon, sau, frukt og bær. Kommunen er også rik på kulturminner. Dette utgjer eit verdifullt og variert kulturlandskap.

Hovudutfordringar i jordbruket

Inntening og effektivisering

Auka krav til inntening og effektivisering, samt styresmaktene sine krav til husdyrhald har i lengre tid hatt som konsekvens at bonden si rolle som kulturlandskapspleier har vore på vikande front. Færre personar skal rekke over større område, og det blir mindre av både tid og pengar til å halde ved like gamal kulturmark, bygningar og andre kulturminne som ikkje på kort sikt gjev auka inntekter.

Minkande tal beitedyr og attgroing

Ei særleg utfordring i Vik kommune er at landskapet endrar seg etter kvart som det blir færre dyr på beite og husdyra blir konsentrerte på færre driftseiningar. Småfehaldet er svært viktig som kulturlandskapspleiar, men det er store utfordringar knytt til å oppretthalde dette og med mange små buskapar er sauetalet også svært sårbart framover. Det er lite geit i kommunen. Resultatet blir ei omfattande attgroing i ekstensivt drivne areal, både areal som ligg nær gardstuna nede i bygdene og areal i utmarka. Mykje gamal kulturmark gror att og treng vedlikehald snarast.

Kulturminne og landbruket

Landbruket sitt kulturlandskap er rikt på kulturminne, t. d. bygningar på inn- og utmark,

steingardar og spor etter eldre driftsformer. Ein stor del har gått ut av bruk og vil gå tapt innan kort tid, om ikkje tiltak blir sett inn.

Klimaendringar og driftsmåtar

I eit våtare klima blir det enda viktigare at dyrka mark er godt nok drenert. Dårleg drenering gjev fuktig jord i vekstsesongen, utfordringar i høve maskinbruk, reduserte avlingar, redusert avlingskvalitet og overvintringsevne, auka jordpakking, mindre biologisk liv i jorda og dårlegare utnytting av tilført næring.

Vassforvaltning og landbruket

I 2007 tredde *Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskriften)* i kraft. Hovudmålet er å sikre vern og berekraftig bruk av vassmiljøet (ferskvatn, grunnvatn og kystvatn). I høve forskrifta skal alt vatn knytt til vassdrag, innsjøar, fjordar, fjordbasseng og grunnvatn ha god økologisk og kjemisk tilstand innan 2021. Fylka er organisert i eigne vassregionar med fylkeskommunen som ansvarleg styresmakt. Vassregionane er delte inn i vassområde. Nesten alt areal i Vik kommunen høyrer til vassområdet „Ytre Sogn”. Landbruksnæringa er definert som ei risikonæring for utslepp av ureining til vassdrag i høve vassdirektivet.

Endringar i SMIL-ordninga dei siste åra

I 2015 blei SMIL-ordninga avgrensa til føretak som har rett på produksjonstilskot. Dette hadde som konsekvens at eigarar som leigar bort arealet sitt til andre, ikkje kunne søkje SMIL-midlar lenger. På same tid har eigaren ofte større interesse å gjennomføre tiltak enn leigetakaren. I 2016 blei det difor avgjort at eigarar av landbrukseigedomar kan få SMIL-midlar så lenge det føregår *tilskuddsberettiget* produksjon på eigedom og eigaren har eit registrert føretak i Einingsregisteret, Brønnøysund.

Frå 2016 kunne det ikkje lenger søkjast SMIL-midlar til freda bygningar. Ein kan framleis få tilskot til verneverdige bygningar.

I 2018 kom det ei endring om utvida gjennomføringsfrist på 1 år, dersom grunnen for søknaden om fristutsetting er tørke i vekstsesongen.

Det kom nye rundskriv til forskrifta i 2017 (2017-13) og 2019 (2019-14). Det er alltid det nyaste rundskrivet som er gjeldande. Rundskrivet utdjupar det faglege og administrative handlingsrommet for bruken av SMIL-midlar og er ein rettleiar til forskrifta. Endringane i rundskrivet 2019-14 gjeld i hovudsak innføring av elektronisk søknads- og sakshandsamingssystem for ordninga. Det er også gjeve fleire døme på tiltak ein kan søkje tilskot til. Rundskrivet er tilgjengeleg på landbruksdirektoratet sine nettsider.

01.01. 2020 vart forskrifta endra slik at det kan løyvast tilskot òg til eigarar av landbrukseigedom utan registrert føretak, jf. ny §3 fyrste ledd. Vilåret om at det må føregå ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra etter forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket, ligg fast.

2 Målet med SMIL-ordninga

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er (§1) «å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier».

Delmåla er:

Ivareta natur- og kulturminneverdiar

Tiltak i jordbruket sitt kulturlandskap skal fremje kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar gjennom skjøtsel, vedlikehald og istandsetjing.

Naturverdiar omfattar biologisk mangfald, som arter og naturtypar, som er knytt til, eller forma av jordbruket sitt arealbruk og driftsformer.

Kulturminneverdiar omfattar kulturminne og kulturmiljø, vidareføring av kulturarv (kunnskap, tradisjonar og teknikk).

Redusere ureining

Tiltak for å redusere ureining skal redusere tap eller risiko for tap av næringsstoff, partiklar og andre ureinande utslepp til jord, vatn eller luft frå jordbruksareal, fôr eller gjødsel. Tiltak som bidreg til å redusere ureining kan også bidra til betre agronomisk driftspraksis og tilpasning til klimaendringar.

3 Aktuelle tiltak

I den elektroniske søknadsløysinga skal alle omsøkte tiltak tilordnast ei av fylgjande tiltaksgrupper:

Kulturlandskap

Mål: Ta vare på og utvikle jordbruket sitt verdifulle kulturlandskap i innmark og utmark, samt ta vare på variasjonen.

Dette gjeld jordbruksareal med kulturlandskapsverdiar skapt av langvarig, tradisjonell jordbruksdrift. Det kan vere areal som må stellast, dvs. ryddast, tynnast, inngjerdast, beitast eller slåast, for ikkje å gro att eller forfalle. Slike areal er som regel ikkje tilført kunstgjødsel eller prega av moderne jordarbeiding. Areala fyller ofte fleire funksjonar. Dei har ofte verdifulle kulturminne og spor frå historia i området. Dei er viktige for landskapsbilete i bygda, plante- og dyreliv, og kan vere viktige turområde for ålmenta.

Biologisk mangfald

Mål: Ta vare på biologisk verdifulle areal i jordbruket, betre status for trua arter i jordbruket og auke bruk og vern av jordbruket sine genetiske ressursar.

Det kan vere slått av område som ikkje eignar seg for dagens landbruksmaskinar, men som er verdifulle for planter og insekt, utmarksslåttar, vår- og haustbeite. Dei biologiske verdiane bør vere dokumenterte. Det kan også vere istandsetting av naturbeitemark

eller hagemark. Eit anna aktuelt tiltak er fjerning av fremmande, skadelege artar i kulturlandskapet.

Kulturminne og kulturmiljø

Mål: Betre tilstanden til kulturminne og kulturmiljø i jordbruket.

Aktuelle tiltak er istandsetjing eller vedlikehald av verneverdige bygningar som kan nyttast i landbruksdrifta eller anna næring på landbrukseigedommen. Det kan berre gjevast støtte til utvendig restaurering. Andre tiltak kan vere skjøtsel og/eller istandsetjing av kulturminne som t.d.: gravhaugar, buplassar, gamle tufter, steingjerde, gamle stiar, rydningsrøyser, sommarfjøs, utløer, naust, jordkjellarar, smier, kvernhus m.m.

Friluftsliv, tilgjenge og oppleving

Mål: Betre ålmenta si tilgang til jordbrukslandskapet.

Det kan vere rydding av eksisterande stølsveggar, stiar eller turvegnett, viktige linjedrag i landskapet, informasjonstavler, gjerdeklyv, benkar, tilkomst til utmark, strand, fiskeplassar m.m.

Avrenning til vatn

Mål: Ikkje nokon vassførekomst i jordbruksdominerte område skal få dårlegare tilstand. Betre tilstanden for dei mest utsette vassførekomstane i jordbruksdominerte område.

Tiltak for å redusere erosjon og avrenning pga. mangelfulle hydrotekniske anlegg som følge av skader eller underdimensjonerte anlegg i forhold til dagens behov - herunder gjenopning av bekkelukkingar, miljøplanting og økologiske reinsetiltak. Utbetring av dreneringssystem kan ikkje støttast, sidan det finst eige tilskotsordning for dette. Andre aktuelle tiltak kan vere mindre sikringstiltak i bekkekant/elvekant for å redusere risiko for ras og utgliding, planting langs bekk, elv og opent vatn som sikringstiltak og for å byggja opp att naturlege kantsoner eller tiltak for å seinke avrenning i periodar med stor nedbør (t.d. tiltak som held vatnet tilbake oppstrøms som retensjonsdammar, kvistdammar el.l.).

Utslepp til luft

Mål: Redusere utslepp av ammoniakk frå jordbruket. Redusere utslepp av klimagassar frå jordbruket. Auke opptak av karbon i jord.

Eit aktuelt tiltak kan vere etablering av permanent dekke over utvendig gjødselkum for å redusere utslepp til luft.

Plantevern

Mål: Redusere helse- og miljørisikoen ved bruk av plantevernmidlar i jordbruket.

Tiltak for å redusere risiko for avrenning av plantevernmidlar frå punktkjelder ved fylling, vask, beising osv. *Biobed* er eit aktuelt tiltak.

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

Midlar som skal brukast for å få i gang planlegging av heilskaplege prosjekt over større område, som f.eks. eit vassdrag eller ei bygd. Midlane skal føra fram til gode og konkrete kulturlandskaps- og ureiningstiltak. Grunneigarar, lag, organisasjonar og andre kan delta. Eit døme er å få utarbeid ein restaureringsplan for eit kulturminne eller eit kulturmiljø.

4 Prioritering av tiltak i Vik kommune

1. Tiltak i særleg verdifulle kulturlandskap, t.d. rydding av gamal kulturmark/beite.
2. Tiltak for å ta vare på verdifulle bygningar og bygningsmiljø. Objekt nemnd i kulturminneplanen har høgast prioritet.
3. Tiltak som hindrar eller førebyggjer ureining av miljøet gjennom landbruket.
4. Tiltak som fremjar biologisk mangfald, t.d. i registrerte verdifulle naturtypar.
5. Tiltak som er utgreidd gjennom planleggings og tilretteleggingsprosjekt.

Prioriterte område i Vik kommune med tanke på kulturlandskapet:

- Kulturlandskap og kulturmiljø i landbruket vist som omsynssoner «bevaring av kulturmiljø» i kommuneplanen.
- Område nemnd i kulturminneplanen. Kulturmiljø blir prioritert framføre einskildminne.
- Område med status *Kjerneområde landbruk, kulturlandskap*, jf. fagrapporten *Kjerneområde landbruk i Vik kommune*.
- Dei veglause gardane langs strendene (randsone til Stølsheimen landskapsvernområde).
- Prioriterte kulturmarkstypar, sjå Naturbasen eller Fylkesatlas.
- Stølsheimen landskapsvernområde og Nærøyfjorden landskapsvernområde/verdsarvområdet.
- Område kartlagt som viktige friluftslivområde, jf. Naturbasen.

Andre kriterier som gjer at tiltak blir prioriterte:

- Dersom SMIL-tilskotet kan utløyse andre tilskot i etterkant t.d. frå Regionalt Miljøprogram (RMP) eller Kulturminnefondet.
- Fellestiltak vert prioritert.
- I tiltaksgruppa *avrenning til vatn* blir tiltak som hindrar avrenning til vassdraga Hopra, Vikja prioriterte, der vasskvaliteten per i dag ikkje er god nok.
- I store prosjekt som er delt opp i fleire trinn og der fyrste trinn er avslutta, vil dei resterande trinn bli prioriterte framføre nye enkeltprosjekt same året.
-

5 Satsar og tilskotsbehov

I fylgje forskrifta kan kommunen gje eingongstilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag for tiltak retta mot kulturlandskapet og ureining. For tiltak som tek vare på biologisk mangfald eller gjeld planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan det gjevast inn til 100 % tilskot. Vik kommune sine satsar 2020-2024:

Inntil 80 % av godkjent kostnadsoverslag for tiltak innan tiltaksgruppene

- Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag for tiltak innan tiltaksgruppene

- Kulturlandskap
- Kulturminne og kulturmiljø
- Avrenning til vatn
- Biologisk mangfald

Inntil 20 % av godkjent kostnadsoverslag for tiltak innan tiltaksgruppene

- Friluftsliv, tilgjenge og oppleving
- Plantevern
- Utslepp til luft

Tilskotstrong

Den økonomiske ramma For SMIL-midlar som kommunen får tildelt frå Fylkesmannen har hittil ikkje vore stor nok til å kunne støtte alle gode tiltak det vert søkt støtte til. Med bakgrunn i pågåande prosjekt og søknadar som kommunen kjenner til, forventar ein likevel at trongen for midlar til spesielle miljøtiltak i Vik kommune også vil vere høgare enn det kommunen får tildelt av midlar dei komande åra.

6 Søknad

Søknadsfristen er 1. april.

Søknadsfristen blir kunngjort i avis og på kommunen sine nettsider. Søknader om SMIL-midlar sendast til Vik kommune som handsamar alle søknadane. Søknader må sendast elektronisk via Altinn.

For eigeninnsats blir fylgjande satsar godkjende:

- Planlegging av tiltak (ut over søknadsskriving): 200 kr/time
- Manuell utført eige arbeid: 350 kr/time
- Bruk av motorsag, ryddesag ol.: 450 kr/time
- Bruk av traktor med reiskap: 600 kr/time
- Bruk av gravemaskin fom. 4 tonn: 800 kr/time

Kostnad og tilskot ved rydding av beite:

Kostnadsoverslaga for søknadar som gjeld rydding av gamal kulturmark har variert mykje frå sak til sak. For å få til ei mest mogleg rettferdig fordeling av midlane har ein i Vik kommune sidan 2017 teke utgangspunkt i tre faste kostnadsnivå for kulturmarksrydding. Det blir også teke omsyn til kor vanskeleg det er å komme til arealet med maskiner:

- Areal som blir vurderert til relativt enkle å rydda: 4.000 kr/daa
- Areal som blir vurderte til middels vanskelege å rydda: 6.000 kr/daa
- Areal som blir vurderte til krevjande å rydda: 8.000 kr/daa

Dersom det vert gjeve maksimalt tilskot (50%), vert satsane kr. 2.000, 3.000 og 4.000 pr. daa.

Tilskot til gjerde:

Det vert ikkje gjeve tilskot til eksisterande gjerde med gjerdeplikt. For tilskot til nytt gjerde blir det sett ein sats på 10 - 50 kr per meter avhengig av vanskegraden med arbeidet.

Vedlegg:

Med søknaden skal det sendast eit detaljkart som viser areal, viktige element i landskapet og plassering av tiltaket det vert søkt tilskot til. Det er tilrådd å bruke verktøyet «gardskart» (<https://gardskart.nibio.no>) eller be landbrukskontoret om hjelp med kartet.

Kommunen står fritt til å vurdere kva anna dokumentasjon bør leggjast ved søknaden. Fylgjande opplysingar kan vere aktuelle:

- Planar for prosjektet/tiltaket inkl. framdriftsplan, arbeidsbeskrivingar, teikningar, mm.
- Fotografi som viser areal, bygningar og/eller landskapselement det vert søkt tilskot til.
- Skrifteleg avtale med grunneigar dersom tiltak skjer på leigd eigedom.
- Gjødseplan, sprøytejournal mm.

- Dersom det er eit stort prosjekt som skal delast opp i fleire trinn, må det opplysast om krav som skal gjerast i kvar prosjektdel.

Underskrift

Dersom søknaden gjeld fellestiltak skal berre ein av deltakarane stå som søker. Han/ho tek imot tilskotet på vegne av alle deltakarar.

7 Sakshandsaming

Til grunn for all handsaming av søknadar ligg kommunalt regelverk, *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (FOR-2004-02-04-448, og tilhøyrande rundskriv*. Det er kommunen som fattar vedtak om løyving av tilskot etter forskrifta. Kurante saker vert avgjort administrativt i medhald av vedteken tiltaksstrategi for bruk av spesielle miljøverkemiddel. Skulle det bli få søknader eit år vert det lyst ut ein ny søknadsfrist på hausten i god tid før rapporteringsfristen sentralt.

Søknader knytt til verneverdige bygningar blir ved behov sendt til Fylkeskommunen sin kulturavdeling for fagleg vurdering og prioritering. Restaureringa skal som regel gjennomførast etter antikvariske prinsipp. Unntak må grunngjevast (kan t.d. gjelde spesielle krav knytt til den framtidige bruken av bygningen).

Vilkår:

Kommunen kan setja slike vilkår som ein finn naudsynte.

Tilsegn

Kommunen sender ut vedtaket via sakssystemet AGROS. Fristen for gjennomføring av tiltak er normalt 3 år frå vedtaksdato. Utsetjing kan gjevast etter skriftleg søknad, med inntil 1 år om gongen. Arbeidsfristen kan normalt ikkje vere lenger enn 5 år frå vedtaksdato. Det kan som regel ikkje gjevast tilskot til tiltak som på søknadstidspunktet er ferdig gjennomførte, dersom ikkje påbyrjing av tiltaket er avtalt med kommunen på førehand.

Gjennomføring og vedlikehald

Tiltak skal gjennomførast og haldast ved like i samsvar med retningslinjer i forskrift og vedtekt og godkjend plan. For fysiske tiltak som har fått eingongstilskot har søkeren vedlikehaldsplikt i 10 år.

Utbetaling

Løyvd tilskott vert utbetalt etter skriftleg oppmoding frå tilskottsmottakar og når prosjektet eller tiltaket har fått godkjent sluttrekneskap. Ein kan likevel betale ut deler av summen på bakgrunn av godkjend dokumentasjon etter kvart som deler av prosjektet eller tiltaket blir utført. Minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til arbeidet er godkjend fullført og sluttrekneskapen er godkjend.

Kontroll og ev. attendebetaling

Mottakar av tilskot må godta kontroll av utført arbeid og er forplikta til å gi naudsynte

opplysningar. Kommunen kan gje pålegg om tilleggsarbeid og utbetringar. Kommunen kan krevje tilskotet heilt eller delvis betalt attende dersom det vert avdekt tilhøve som er i strid med føresetnadene ved løyving av tilskotet. Kravet kan reknast mot produksjonstilskot eller andre tilskot som mottakaren har krav på. Det kan krevjast morarenter av beløpet som skal betalast attende, jf. Lov av 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m. v.

Klagerett

Vedtak om løyving av tilskot eller avslag på søknad om tilskot er enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan såleis påklagast. Klageinstans er Fylkesmannen. Klagerett har den som er part i saka eller annan med rettsleg klageinteresse. Klagefristen for enkeltvedtak er 3 veker frå det tidspunktet underretting om vedtaket har nådd fram til parten. Klaga skal sendast til kommunen.

Rapportering

Kommunen rapporterer bruken av midlane etter reglar fastsette frå fylket.